



Pilegrimsvandring i vår tid- nye skot på gammalt tre



Teikning av Kjell Stig Amdam

Kari Leine Balog (f. 1950) er sokneprest i Selje i Nordfjord. Ho er ihuga pilegrim, og ho er forfattar. Dette er hennar 7. bok.

Den økumeniske pilegrimsvegen heilt aust i Tyskland var som eit gledesjokk for forfattaren då ho kom dit for fyrste gong i 2010. Ho fann ein skatt som lenge var gøymt bak eit teppe av jern. Ho fekk vita om ein eldgammal handels- og pilegrimsveg frå aust til vest, Via Regia, kongevegen. Sjølv er ho engasjert i utvikling av Sunnivaleia frå Florø/Kinn til Selje i Nordfjord. Så ho kan ikkje dy seg for å ta med eit lite glimt derifrå til slutt.

**God lesing og god vandring!**



Kari Leine Balog  
**PILEGRIM  
RETT  
VEST**

Med vandresko i Luthers land



Folk heime såg litt spørjande ut då eg fortalde at eg skulle vera pilegrim i Tyskland, av alle stader. Det hjelpte litt då eg sa at eg skulle gå i det tidlegare DDR – det virka straks meir eksotisk og interessant. Men uansett; er det ikkje tyskarane som skal koma hit for å fiska, beundra norskekysten, leita etter midnattsola og sjå urørt natur – og helst leggja att pengar? Ikkje me som reiser dit. Mange vart nokså forundra over å høyra at det finst pilegrimsvegar der, og spurde kva som vel kunne vera pilegrimsmålet i Tyskland. At svaret var apostelen Jakobs grav i Santiago de Compostela i Spania, var ikkje mindre forunderleg. Dette dreiar seg om lange linjer som grev djupt i Europas historie, gudstru og geografi.

Då eg kom til Tysklands austlegaste by, Görlitz, vekte eg forundring der også. Etter ei kort stund visste eg kva for eit forundra spørsmål som kom fyrst: Har du verkeleg reist heilt hit for å gå som pilegrim? Korleis kunne du vita om oss?

Frå Görlitz går vegen vestover, vestover, for det meste flatt og enkelt, i eit land fylt med gammal og nyare historie, og ein dag støyter eg på eit nytt merke som det står 'Lutherweg' på. Ein av dei ruvande kyrkje- og kultur-personlegdomane som dette området har fostra, er Martin Luther. Mange andre kan nemnast, og er nemnde i denne boka.

Men det er møtet med levande menneske som sit sterkast att.

Pilegrimslivet har gripe tak i meg frå inste sjel til ytste gnagsårutsette tåspiss. Eg boblar av opplevingar, erfaringar og tankar, slik at det må delast, og dessutan kjenner eg meg vesentleg yngre enn før eg starta. Ei ungdomskjelde plaskar opp frå pilegrimsvegane, både i sol og regn.

Det skal så lite til – stig berre litt til sides frå den travle motorvegen og kvardagslivet – så er eventyret der. Det er ikkje alltid mange meter mellom bilvegen og pilegrimsvegen, ofte er dei samanfallande, men likevel er det som dei tilhøyrer kvar si verd. Eg unner alle å finna den vegen. – i seg sjølv og i naturen.

Kari Leine Balog

## **Pilegrim rett vest**

Med vandresko i Luthers land

ISBN 978-82-300-1320-5

Pris 269,-

Boken kan kjøpes hos Kolofon Forlags nettbutikk  
[www.kolofon.no](http://www.kolofon.no)

eller ta kontakt med

### **Kolofon Forlag**

Nedre Slottsgate 5

0157 Oslo

Tlf.: 22 82 51 00

epost: [post@kolofon.no](mailto:post@kolofon.no)

Boken kan også kjøpes hos alle bokhandlere

